



Møteprotokoll

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023

Møtedato: 13.05.2020 kl. 09:45

Møtested: TEAMS

Arkivsak: 19/04260

Til stede: Nora Sætre Baartvedt, Per Hilleren, Stein Oltedal, Karl Johan Kirkebø, Turid Fjose, Oddny Irene Miljeteig, Vemund Atle Øiestad, Astrid Fylling, Kjersti Gautestad Norheim, Halvor Nordhaug

Møtende
varamedlemmer:

Forfall:

Andre:

Protokollfører: Jan Ove Fjellteit

SAKSLISTE

Side

Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjenning av protokoll

Saker til behandling

<u>15/20</u>	Bjørgvin bispedømeråd - godkjenning av toårig prosjektstilling på Voss	2
<u>16/20</u>	Bjørgvin bispedømeråd - Økonomirapport 1.kvartal 2020	3
<u>17/20</u>	Bjørgvin bispedømeråd - Prosjekt for utarbeiding av ny Strategiplan 2021-2024	3
<u>18/20</u>	Bjørgvin bispedøme - Årsrapport 2019	3
<u>19/20</u>	Høyringsvar fra bispedømerådet - gjennomgang av kyrkjefagforvaltinga	3
<u>20/20</u>	Oppnemning til Stiftelsen Kirkens Bymisjon Bergen - representantat frå Hardanger og Voss prosti	9
	Oppnemning av utval i Bjørgvin bispedøme for perioden 2020 -	
<u>21/20</u>	2023: diakoniutval, inkluderingsutval (utval for utviklingshemma), pilegrimsutval og kyrkjemusikalsk utval	10
<u>22/20</u>	Mandat for Bjørgvin bispedøme sitt diakoniutval, kyrkjemusikalsk utval og pilegrimsutval	11
<u>23/20</u>	Bjørgvin kirkelige fond - Oppnevning av styremedlemmer 2020- 2022	16

Orienteringssaker

Referatsaker

Tilsettingssaker

- Tilsetting - Sokneprest i Bergensdalen prosti med Fridalen sokn
24/20 som tenestested - Handsaminga i møtet er ikkje offentleg, Offl. § 25 17
første ledd
- Tilsetting av sokneprest i Bergen domprosti med Olsvik sokn som
25/20 tenestested - Handsaminga i møtet er ikkje offentleg, Offl. § 25 17
første ledd
- Tilsetting - Sentrumsprest i Bergen domprosti med Bergen
26/20 domkirke menighet som tenestested - Handsaminga i møtet er ikkje 18
offentleg, Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1
- Tilsetting av sokneprest i Fana prosti med Os sokn som
27/20 tenestested - Handsaminga i møtet er ikkje offentleg, Offl. § 25 18
første ledd

Sted, 29.05.2020

Jan Ove Fjellveit
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

To saker under oppnemning og mandat /
Habilitet vurdert

Godkjenning av protokoll

Saker til behandling

15/20 Bjørgvin bispedømeråd - godkjenning av toårig prosjektstilling på Voss

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	15/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd er positive til eit forsøksprosjekt med å omgjere kapellanstillinga på Voss til 2 årig prosjektstilling.

16/20 Bjørgvin bispedømeråd - Økonomirapport 1.kvartal 2020

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	16/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd tek økonomirapporten 1. kvartal 2020 til vitande

17/20 Bjørgvin bispedømeråd - Prosjekt for utarbeiding av ny Strategiplan 2021-2024

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	17/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd godkjenner framdriftsplan for utarbeiding av ny strategiplan. Bispedømerådet oppnemner medlemmer i utvalet i neste møte.

18/20 Bjørgvin bispedøme - Årsrapport 2019

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	18/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd tek Årsrapport 2019 til vitande.

19/20 Høyringsvar frå bispedømerådet - gjennomgang av kyrkjefagforvaltinga

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	19/20

Forslag til vedtak

Høyringssvar frå Bjørgvin

Bjørgvin biskop og bispedømeråd takkar for høve til å gje høyring på rapporten om kyrkjefagforvaltinga i Den norske kyrkja.

Ein er samd med definisjonen av kyrkjefagforvaltinga som rapporten legg til grunn:
«Et kriterium for god kirkefagforvalting vil være at arbeidet er rettet mot det som skjer i soknet, og at det kan bidra til å fremme og styrke det lokale kirkelivet.»

Rapporten har ei god oppsummering i kapittel 10 som gjev ei fruktbar retning for den vidare samtalen om utvikling og endring i kyrkjefagforvaltinga og som i stor grad fell saman med slik som kyrkjefagforvaltinga i Bjørgvin alt arbeidar.

Eit grunnleggande spørsmål er på kva nivå kyrkjefagforvaltinga skal organiserast. Me meiner at det bør vera på bispedømenivået som no. Då kan ein få eit sentralt nok nivå til å få heile stillingar og god kompetanse samtidig som ein er nær nok kyrkjelydane til å kjenna dei lokale forhold og kunne gje god målretta rådgjeving. Det sikrar at biskopen sitt tilsyn har tilstrekkeleg kompetanse og ressursar rundt seg til å fungera godt. Alternativa er at det vert sentralt organisert med nasjonale ressurssenter eller at ein bygger opp rådgjeving på fellesråds eller på prostinvå. Begge desse alternativa er därlegare. Eit nasjonalt nivå er for langt vekke frå livet i kyrkjelydane og dersom ein skal ha lokale kyrkjefaglege rådgjevarar vil det betyr ei byråkratisering og tapping av kyrkjelydane for ressursar som kyrkja ikkje har råd til.

Høyringsspørsmåla

Kap 3 Relasjonar mellom organ, og effektiv implementering

Både kantor, kateket, diakon og kyrkjelydsprest må i tenesteordninga ha ei forplikting til både soknets og Kyrkjemøtets mål, strategiar og planer.

- Enig: Ja
- Uenig:

- Kommentarfelt

Ut frå bispedømerådet sin posisjon som vedtar strategiar både i bispedømet og på kyrkjemøtet er det fornuftig å tenka ei samordning av alle tenesteordninger og arbeidsbeskrivelsar i Den norske kyrkja slik at dei både er forplikta på kyrkjelydane sine planar og prioriteringar og samtidig på bispedømet, kyrkjemøtet og kyrkjerådet sine vedtak.

Men dette bør ikkje skje utan at ein ser prinsipielt og ekklesiologisk på forholda mellom dei to rettssubjekta, det nasjonale/bispedøme (*den synodale kyrkja*) og soknet (*den kongresjonalistiske kyrkja*) og biskopen som tilsyn/strateg/oppdragsgjevar.

Kap 5 Arbeidsmetodar og samhandling mellom bispedømenivået og nasjonalt nivå

Det er betre at et fagfelt har deltidsstillingar på kvart bispedømekontor enn at ein samlar desse stillingsressursane i spesialiserte heiltidsstillingar som utfører oppgåver for alle kontor.

Enig: Ja

Uenig:

- Kommentarfelt

Det er viktig at kunnskapen om ulike fagfelt er nær brukarane, og at rådgjevarane har kunnskap om lokale forhold.

Samtidig er det slik at dersom arbeidsmengda, og dermed stillingsprosenten, blir så liten at den aktuelle medarbeidar ikkje får nok «mengdetrening» på sitt felt, vil det vera ein styrke å samla nasjonal kompetanse på færre medarbeidrarar.

Utvælet foreslår at vurdering av søknader knytt til orgelbygging berre treng ein rådgjevar. Det er for lite og kan lett bli sårbart. Både med tanke på sjukdom hos denne eine medarbeidaren og med tanke på at det er sårbart for kyrkja dersom all kompetanse på eit område kan forsvinna og saker stoppa opp dersom ein medarbeidar er sjuk eller sluttar. Det er vår mening at det beste er om det er minimum to medarbeidrarar, om det trengs, i deltidsstillingar, for å ta vare på og sikra eit fagfelt. Avgjerdsmynde bør framleis ligga hos den lokale biskop.

Meir samhandling mellom bispedømenivå og nasjonalt nivå bør skje gjennom videomøte.

Enig: Ja

Uenig:

- Kommentarfelt

Dette har kyrkja alt gjort. Korona-pandemien har vist at kyrkja sine medarbeidrarar er i stand til å ta til seg ny kunnskap og nytta seg av tekniske løysingar som forenklar kommunikasjon og sparar miljøet.

Samtidig er erfaringane under korona-pandemien at det digitale utstyret ikkje alltid er heilt oppdatert til å takla dei tekniske utfordringar som videomøter i eksempelvis Microsoft Teams krev. Videokamera som ikkje verkar og därleg lyd kan vera krevjande særleg under lange møte. Ein har òg erfart at store mengder videomøter kan bidra til «skjerm-trøttleik» når ein berre kommuniserer via skjermar, og dermed at møta ikkje vert så effektive som først antatt og håpa på.

Gjennomføring av ny-ordninga med «pålagt» ny mobil til alle tilsette har medført ei generell oppgradering av den tekniske utstyrsparken på dette området som også har gjort det lettare og meir smidig å få gjennomført videomøter og nettbaserte møter.

Kap 6 Arenaer for læring knytt til kyrkjefag

Meir læring for tilsette i Den norske kyrkja må leggast til samlingar på prosti- og fellesrådsnivå.

- Enig: Ja

- Uenig:

- Kommentarfelt

Det er viktig å tenkje på behovet lokalt slik at opplæringa vert mest mogeleg relevant. Dette er særleg relevant i område, som i fleire av våre prosti, der ein har blanding av utdanna og uutdanna medarbeidarar på trusopplæring og diakoni, der det er viktig at kurs vert tilpassa lokalt. Dette gjer ein best på bispedømenivået der rådgjevarane har lokalkunnskapen og samtidig har oversikt over eit større område og kan sjå når ein må vera på fellesrådsnivå og når prostinivået eller bispedømenivået er rett. Det er likevel ikkje til hinder for at ein også regionalt og nasjonalt kan ein identifisere behov for opplæring på prosti/fellesrådnivå.

Konferansar og fagdagar på bispedømenivå må haldast oppe på same nivå som i dag.

- Enig: Ja
- Uenig:

- Kommentarfelt

Erfaringa frå Bjørgvin er at ein har funne eit nivå på dei kurs og konferansar som bispedømet tilbyd som fungerar lokalt. Det er avgrensa kapasitet for å ta del i og å arrangere kurs, fagdagar og konferansar. Både arbeidstid og pengar til kurs avgrensar. Fagdagar innan ulike fagfelt kan konkurrere mot einannan, difor er god koordinering innan bispedømet og med nasjonalt nivå viktig.

Talet på nasjonale opne og frivillige konferansar og fagdagar må reduserast.

- Enig: Ja
- Uenig:

- Kommentarfelt

Tilsette er relativt flinke å prioritere kva dei reiser på av konferansar og fagdagar. Ytre forventningar kan føre til at ein reiser på arrangement som ein eigentleg ikkje burde prioritert. Det er bra med ein miks av konferansar slik at ein kan dekkje ulike behov, men det kan bli for mange. Det kan bli for mykje konkurranse om mellom nasjonale tiltak, og det kan bli litt mykje innsal/forventning om å ta del i middels interessante konferansar.

Ei ulempe ved nasjonale konferansar er at få i ein stab kan dra slik at utbyttet vert meir av personleg verdi enn til verdi for staben. I tillegg kan ein nasjonalt lett få inntrykk av at ein har tatt opp eit viktig tema på ein konferanse når det i realiteten er ein liten prosent av dei tilsette som møtte og dei fleste er frå Oslo-området.

Det må leggast til rette for meir digital læring gjennom f.eks. videoomøter, webinar og streaming.

- Enig: Ja
- Uenig:

- Kommentarfelt

Svaret er ja, men det er veldig avhengig av kva tilbod det er og kvaliteten på tilbodet. Det krev høgare grad av profesjonalitet ved større avstand til målgruppa (fysisk og relasjonell avstand). Det gjeld kvalitet på det tekniske området (lyd/lys/bildekvalitet/brukaroppleveling) og innhaldet (fagkunnskap/pedagogisk innpakning/grad av deltaking) fordi ein vender seg til ei målgruppe som er vant til høg

kvalitet gjennom TV og sosiale media. Av dette følgjer at dette er ein kompetanse som bispedømekontora og kyrkja nasjonalt må skaffa seg. Det er ikkje berre å overføra direkte frå vanlege konferansar, digitale kurs bør være korte og konsise sidan dei krev høgare grad av konsentrasjon. Samstundes legg dette til rette for at ein kan lage heile eller deler av eit kursopplegg sentralt som ein kan nytte også lokalt og regionalt.

Bør det gjerast andre endringar i korleis ein driv fagutvikling for tilsette i Den norske kyrkja?

Ein bør ha større fokus på å vere ein lærande organisasjon. Det finst svært mykje kunnskap hos ulike tilsette, men vi har ikkje alltid så gode system for å ta lærdommen vidare.

Kap 7 Organ og innovasjonskraft

Alle organ drifta av kyrkjefagforvaltinga må tilby medlemmer å delta gjennom videoløysning (Eigne regler gjeld for folkevalde organ i Den norske kyrkja).

- Enig: Ja
- Uenig:

- Kommentarfelt

Sjå kommentar til spørsmål etter Kap 5

Bør det gjerast andre endringar i organ som vert drifta av kyrkjefagforvaltinga?

Det er viktig at bispedømerådet i alle fall ein gong i perioden blir kjent med og tar stilling til verdien og kostnadene ved dei organ og utval som vert drifta gjennom kyrkjefagavdelinga og eksterne organ som representantar for bispedømeadministrasjonen møter i. Rapporten gjev her ei nyttig sjekkliste med evalueringsspørsmål.

Kap 8 Saksbehandling, rapportering og godkjenningar, og høve til forenkling

Fleire av dagens godkenningsordningar må erstattast med regelverk med førehandsgodkjente alternativ.

- Enig: Ja
- Uenig:

- Kommentarfelt.

Delvis samd. Førehandsgodskjende alternativ kan vera ei forenkling, men dei kan også vera rigide dersom det ikkje er rom for grunngjevne unnatak ut frå lokale forhold. Det er døme på ordningar med forenkla sakshandsaming innanfor kyrkjebygg – der Riksantikvaren har laga fire faldalar med informasjon og sjekklister som både søker og saksbehandlar på bispedømekontoret kan bruka. Dersom alt er som i sjekklista, blir søknaden godkjent, men alltid med ei vurdering frå saksbehandlar og biskop/repr. for biskop.

Det same kan ein tenka seg ved lokale planar, t.d. innan opplæring eller gudsteneste. Dersom det er ein sentral plan som ein kan følgja, er det bra for dei som ikkje har ressursar

til å laga ein god eigen plan. Så kan ein heller søka om godkjenning til avvik frå den sentrale planen.

Bør det gjerast andre endringar innan sakshandsaming, rapportering og godkjenningar i Den norske kyrkj?

All rapportering og innhenting av statistikkopplysingar bør gjerast slik at ein lokalt ser at det er nyttig og ein får hjelp til å nyttegjera seg av opplysingane i årsmeldingar og strategiarbeid.

For bispedømenivå og nasjonalt nivå er rapportering avgjerande for å vurdera ressursbruk og strategi. Det må difor vera nok rapportering, men ikkje meir enn nødvendig. Innhenting av opplysningar frå statistikken og rapporteringsverktøy bør bli betre slik at sakshandsaminga vert enklare. Det bør og leggast større ressursar inn i at ein på nasjonalt nivå kan presentera statistikkmaterialet på ein måte som er nyttig for bispedøma slik at ein slepp å gjera den same tilretteleggingsjobben for å finna tal 11 stader.

Kap 9 Vurdering av om kyrkjefaglege oppgåver kan gjerast av andre aktørar

Fleire fagdagar og konferansar som i dag vert arrangert av bispedøma og Kyrkjerådet bør overlatast til faglege aktørar tett på Den norske kyrkj, som utdanningsinstitusjonar, institutt eller organisasjonar.

- Enig:
- Uenig: Ja

- Kommentarfelt

Erfaringa frå samarbeidet med organisasjonar og akademia er gode og kyrkje treng desse som ressurs og korrektiv. Samtidig er det også ei erfaring at desse av og til kan vera mest opptatt av sin eigen agenda eller kva dei allereie kan seia noko om, heller enn ei analyse av dei kyrkjeloge medarbeidarane sitt behov, slik at dei ikkje treff det som er behovet på grasrota. Den analysen tar rådgjevarane på bispedømekontora seg av på ein betre måte fordi dei er nærmere fyrstelinja og har jamlege samtalar med målgruppa.

Det kan vera vanskeleg å treffa behovet, at fleire vidareutdanningskurs for prestar er blitt avlyste er eit døme på det, det er difor bra at det no er ei undersøking om behovet for etter og vidareutdanning.

Difor må slike samlingar ikkje overlatast til andre, men andre bør inviterast som samarbeidspartnarar. Målet må vera eit samarbeid der kunnskapen frå akademia og kjennskapen til brukargruppa kan møtast. Det er også gode erfaringar med kurs som er utvikla i samarbeid mellom akademia og brukargrupper og /eller bispedømekontor, dei treffer ofte behovet godt.

Samtidig må det seiast at ein i Bjørgvin har gode erfaringar med å la kyrkjeloge tilsette delta på modular og fagdagar for studentar som skal ut i teneste fordi desse i høgare grad er retta mot den praktiske yrkesutøving.

Bør andre oppgåver som blir gjort av kyrkjefagforvaltinga utførast av andre aktørar?

Nei, då vil bispedømeråd og biskop lett koma til å gje frå seg strategisk styring. Ein annan ting er at bispedømerådet kan kjøpa kompetanse ein ikkje har utan å gje frå seg styring. Eit aktuelt døme er produksjon av digitale sendingar inntil bispekontora/kyrkjerådet eventuelt får kompetansen sjølv.

Har du andre kommentarar til rapporten

Kyrkjefagavdelinga består av rådgjevarar med kompetanse innanfor sine fagfelt.

Kyrkjefagavdelinga i bispedømet har tre hovudoppgåver: Dei skal bidra til å oppfylla bispedømerådet og kyrkjemøtet sine strategiar og dei er eit rådgjevande organ for biskopen og i mange tilfelle biskopen si røyst ut til kyrkjelydane. I tillegg skal dei støtta dei lokale kyrkjelydane i deira oppgåve å vekka og næra det kristne livet lokalt.

Skal ein lukkast med dette må kyrkjefagfeltet vera nær lokalkyrkja og samtidig ha avstand og dekka eit så stort område at dei får bygd opp kompetanse slik ein no har i bispedømeadministrasjonen. Det arbeidet som vert gjort må ha fokus på korleis ein kan vitalisera det lokale kyrkjelivet i bispedømet. Kyrkjefag fungerar som eit bindeledd mellom KM, KR og bispedømet og dei lokale stabane og kyrkjelydane.

Denne funksjonen må ikkje svekkast og bør heller styrkast i framtida. Det er viktig at det er god kontakt mellom grasrota i kyrkjelydane og rådgjevarane på kyrkjefag. Det bør difor ein halda fram med besøk og kursing på kyrkjelyds- og prostinivå frå kyrkjefagavdelinga slik ein har gjort det i Bjørgvin.

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd vedtek høyringssvar slik det ligg føre

20/20 Oppnemning til Stiftelsen Kirkens Bymisjon Bergen - representantat frå Hardanger og Voss prosti

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	20/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd oppnemner følgjande medlemmer til representantskapet i Stiftelsen Kirkens Bymisjon i Bergen for perioden 20 - 21:

Medlem – fast plass:

Sokneprest Frode Kvamsøe, Evanger og Bolstad sokn

Varamedlem – 2. vara:

2. vara: Sokneprest Anders Hove, Voss sokn

21/20 Oppnemning av utval i Bjørgvin bispedøme for perioden 2020 - 2023: diakoniutval, inkluderingsutval (utval for utviklingshemma), pilegrimsutval og kyrkjemusikalsk utval

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	21/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Med bakgrunn i saksutgreiing vel Bjørgvin bispedømeråd desse utvalsmedlemmane til dei ulike utvala i Bjørgvin bispedøme for perioden 2020 – 2024:

Bjørgvin diakoniutval:

- Inger Cesilie Fitje, soknediakon i Førde
- Rita Eldholm, soknediakon i Åsane
- Trygve Stabrun, bymisjonsprest Stiftelsen Kirkens Bymisjon Bergen
- Karl Dag Bærug, nestleiar Kirken SOS Bjørgvin
- Hildur Løkken Lillestøl, kateket i Os
- Kjell Olav Nordheim, sokneprest i Askvoll

Bjørgvin bispedøme sitt inkluderingsutval (utvalet for utviklingshemma):

- Leif Arne Økland
- Kristin Buhaug
- Jostein Bildøy
- Kari Elster Moen
- Reidun Mangersnes Moe
- Linda Bårdsen
- Roar Strømme (sekr.)

Bjørgvin bispedøme sitt pilegrimsutval:

- Inger Helene Nordeide, fagkonsulent i Plan B, Førde. Leiar
- Berit M. Andersen, pensjonert prest, Bergen
- Eli-Johanne Rønneklev, sokneprest i Selje
 - Varamedlem Gunn Helgensen, pilegrimskoordinator
- Margit Gjørv, pilegrimskoordinator i Røldal
 - Varamedlem sokneprest i Røldal
- Knut Magne Nesse, sokneprest i Kinn
- Sissel Johanne Fylkesnes Våge, diakonimedarbeider i Sunnhordaland prosti

Inger Helene Nordeide og spesialrådgjevar Ragna Sofie Grung Moe er Bjørgvin bispedøme sine kandidatar til «Nasjonalt kirkelig pilegrimsutvalg» for perioden 2021-2024

Bjørgvin bispedøme sitt kyrkjemusikkutval:

- Kjetil Almenning, domkantor
- Sigurd Øgaard, varamedlem
- Solveig Sørheim, organist i Etne
- Øystein Lund Olafsen, organist på Bømlo

**22/20 Mandat for Bjørgvin bispedøme sitt diakoniutval,
kyrkjemusikalsk utval, pilegrimsutval og arbeidsgruppa for Kirkelig
kultursenter vest**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	22/20

Forslag til vedtak

Bjørgvin bispedøme vedtek disse mandata for diakoniutvalet, kyrkjemusikalsk utval og pilegrimsutvalet:

REVIDERT MANDAT FOR BJØRGVIN BISPEDØME DIAKONIUTVAL

Utval for diakoni er oppnemnt av Bjørgvin bispedømeråd. Utvalet er eit fagleg organ som bidreg gjennom sin kompetanse og kontakt til Bjørgvin bispedøme sine års- og strategiplaner og for å realisere disse. Utvalet er ein fagleg ressurs og eit drøftingsorgan for bispedømerådet, biskopen og rådgjevaren ved bispedømekontoret.

Utvalet er og ei:

- *Referansegruppe for rådgjevaren*, der ein kan få drøfta både faglege problemstillingar og tiltak.
- *Kompetansegruppe*, der ein får tilført bispedømet kompetanse frå både fagfolk og brukarar.
- *Utøvande organ*, som kan vere med på tilskipingar og der einskilde medlemer kan utføre oppdrag lokalt.
- *Kontaktorgan*, der medlemane er bindelekk mellom kyrkjelydane, kyrkjelege institusjonar/organisasjonar, brukarar, bispedømet og biskopen.
- *Nettverksorgan*, som skipar til fag- og inspirasjonssamlingar for tilsette og engasjerte på feltet.
- *Saksførebuande organ*, som kan røyse og førebu saker innan feltet sitt for biskop og bispedømeråd.

VISJON OG STRATEGI:

Diakoniutvalet i Bjørgvin bispedøme skal støtte opp om og fremje bispedømet sin visjon og strategi for det diakonale arbeidet, og skal arbeida for å fremja dei mål og tiltak som er nedfelt i bispedømet sin års- og strategiplan. Bjørgvin diakoniutval er ein fast ressurs for Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd

TILTAKSPLAN:

Bispedømerådet vedtek årleg tiltaksplan og fireårige periodeplanar. Diakoniutvalet skal bidra aktivt til å utvikle desse og bidra til å realisere dei mål og tiltak som blir nedfelt der.

OVERORDNA MÅL FOR UTVALET:

I. Utvalet skal i samarbeid med rådgjevar for diakoni og samfunn vere ein ressurs og bidra aktivt til å realisere bispedømet sine planar for diakoni og samfunn.

II. Diakoniutvalet skal arbeide for at:

- diakoniplan for Den norske kyrkje vert gjort kjend og arbeide for at han vert ein aktiv arbeidsreiskap for den einskilde kyrkjelyd i Bjørgvin bispedøme.
- arbeide for at det kan oppretta fleire diakonstillingar i bispedømet.
- arbeide for å vidareutvikle diakonien i bispedømet og kyrkjelydane.

SAMANSETJING:

Utvalet skal normalt ha 4 - 6 medlemmer oppnemnde av bispedømerådet. Periode for oppnemning til utvalet følgjer periodane for val til bispedømeråd. Representantar frå ulike delar av bispedømet bør vere representerte i utvalet. Utvalet har ikkje varamedlemer og konstituerer seg sjølv. Rådgjevaren på bispedømekontoret er sekretær for utvalet. Utvalet kan i arbeidet med aktuelle saker knytte til seg ressurspersonar og ad-hoc grupper. Ved eventuelle utskiftingar av medlemene i utvalet i perioden, skal nye medlemer nemnast opp av bispedømerådet. Normalt vil det vere om lag 4 møte i året.

ØKONOMI:

Utvalet får tildelt økonomiske rammer innanfor bispedømerådet sitt vedtekne budsjett. Prosjekt som utvalet arbeider med må vere nedfelte i bispedømet sin årlege tiltaksplanen. I økonomiske spørsmål er utvalet underordna stiftsdirektøren. Bispedømerådet dekkjer utgifter til reise etter Staten sitt reiseregulativ.

KOMMUNIKASJON:

Eventuelle utspel i media skal skje etter samråd med stiftsdirektøren. Referat frå utvalet sine møte skal fortløpande sendast til bispedømerådet.

MANDAT FOR BJØRGVIN BISPEDØME KYRKJEMUSIKALSK UTVAL

Bjørgvin bispedøme sitt utval for kyrkjemusikk er oppnemnt av Bjørgvin bispedømeråd. Utvalet er eit fagleg organ som bidreg gjennom sin kompetanse og kontakt til Bjørgvin bispedøme sine års- og strategiplaner og for å realisere disse. Utvalet er ein fagleg ressurs og eit drøftingsorgan for bispedømerådet, biskopen og rådgjevaren ved bispedømekontoret. Fordi Kyrkjemøtet ser arbeid med kunst og kultur som eit kjerneområde som opnar trua sitt rom gjennom eit mangfold, er kyrkjemusikken og andre kunstneriske uttrykksformar eit kjerneområde for kyrkjemusikalsk utval. På denne måten bidreg kyrkjemusikken og andre kunstneriske uttrykksformar til at kyrkja si forkynning, truspraksis og tilbeding blir integrert og heilskapleg.

Utvalet er og ei:

- *Referansegruppe for rådgjevaren*, der ein kan få drøfta både faglege problemstillingar og tiltak.
- *Kompetansegruppe*, der ein får tilført bispedømet kompetanse frå både fagfolk og brukarar.
- *Utøvande organ*, som kan vere med på tilskipingar og der einstilde medlemer kan utføre oppdrag lokalt.
- *Kontaktorgan*, der medlemane er bindelekk mellom kyrkjelydane, kyrkjelege institusjonar/organisasjonar, brukarar, bispedømet og biskopen.
- *Nettverksorgan*, som skipar til fag- og inspirasjonssamlingar for tilsette og engasjerte på feltet.
- *Saksførebuande organ*, som kan røyse og førebu saker innan feltet sitt for biskop og bispedømeråd.

VISJON OG STRATEGI:

Utvælet for kyrkjemusikk i Bjørgvin bispedøme skal støtte opp om og fremje bispedømet sin visjon og strategi for kyrkjemusikk, og arbeide for å fremje dei mål og tiltak som er nedfelt i bispedømet sin års- og strategiplan. Bjørgvin kyrkjemusikkutval er ein fast ressurs for Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd

TILTAKSPLAN:

Bispedømerådet vedtek årleg tiltaksplan og fireårige periodeplanar. Kyrkjemusikkutvalet skal bidra aktivt til å utvikle disse og bidra til å realisere dei mål og tiltak som blir nedfelt der.

OVERORDNA MÅL FOR UTVÆLET:

Kyrkjemusikalsk skal følgje opp vedtak om kyrkjemusikk og andre kunstneriske uttrykksformar som er omfatta av kyrkjemusikken slik at dei vert følgd opp lokalt (*i kyrkjelydene*) og regionalt (*på bispedømeplan*), som til dømes kyrkjemøtevedtak: «KM 11/18 Rapport og veivalg for Den norske kirkes kunst- og kultursatsing.»

Kyrkjemusikkutvalet skal særleg arbeide for å verkeleggjere følgjande:

- Å invitere til «*Fagdagar for kyrkjemusikarar i Bjørgvin bispedøme*» ein gong i året. Fagdagane har som føremål å ta opp faglege aktuelle team som høyrer til kyrkjemusikktenesta og kyrkjesongen, og bygge eit kollegialt fellesskap mellom alle kyrkjemusikarar.

Kantorane kan velje å la seg vigsla, og kjem då under biskopens tilsyn. Biskopen bidrar derfor aktivt i planlegging og gjennomføring av Fagdagane.

- Å gje fagleg uttale til biskopen i orgelsaker der biskopen bed om det.
- Å gje faglege råd til biskopen og bispedømerådet i kyrkjemusikalske spørsmål, medrekna liturgiske salmebokrelaterte spørsmål knytte til gudstenestereformer og anna kyrkjemusikalsk utviklingsarbeid.

Kyrkjemusikalsk utval fører offentleg protokoll frå møta sine.

SAMANSETJING:

Utvælet skal normalt ha 3 - 8 medlemmer oppnemnde av bispedømerådet. Periode for oppnemning til utvælet følgjer periodane for val til bispedømeråd. Representantar frå ulike

delar av bispedømet bør vere representerte i utvalet. Kvart medlem har ein personleg vara-representant. Samansettinga av utvalet er som følgjer (minimum).

- Medlem: Ein av domkantorane. Vara-medlem: Den andre domkantoren.
- Medlem: Ein kantorar/organist. Vara-medlem: Ein kantorar/organist valde av gruppa.
- Medlem: Ein kantorar/organist. Vara-medlem: Ein kantorar/organist valde av gruppa.
- Kyrkjemusikalsk utval vel sjølv leiar. Valperioden følgjer valperioden for bispedømerådet. Kulturrådgjevar er sekretær for utvalet.

Utvalet kan i arbeidet med aktuelle saker knytte til seg ressurspersonar og ad-hoc grupper. Ved eventuelle utskiftingar av medlemene i utvalet i perioden, skal nye medlemer nemnast opp av bispedømerådet. Normalt vil det vere om lag 4 møte i året.

ØKONOMI:

Utvalet får tildelt økonomiske rammer innanfor bispedømerådet sitt vedtekne budsjett. Prosjekt som utvalet arbeider med må vere nedfelte i bispedømet sin årlege tiltaksplan. I økonomiske spørsmål er utvalet underordna stiftsdirektøren. Bispedømerådet dekkjer utgifter til reise etter Staten sitt reiseregulativ.

KOMMUNIKASJON:

Eventuelle utspel i media skal skje etter samråd med stiftsdirektøren. Referat frå utvalet sine møte skal fortløpende sendast til bispedømerådet.

MANDAT FOR BJØRGVIN BISPEDØME PILEGRIMSUTVAL

Bjørgvin bispedøme sitt pilegrimsutval er oppnemnt av Bjørgvin bispedømeråd. Utvalet er eit fagleg organ som bidreg gjennom sin kompetanse og kontakt til Bjørgvin bispedøme sine års- og strategiplaner og for å realisere disse. Utvalet er ein fagleg ressurs og eit drøftingsorgan for bispedømerådet, biskopen og rådgjevaren ved bispedømekontoret.

Utvalet er og ei:

- *Referansegruppe for rådgjevaren*, der ein kan få drøfta både faglege problemstillingar og tiltak.
- *Kompetansegruppe*, der ein får tilført bispedømet kompetanse frå både fagfolk og brukarar.
- *Utøvande organ*, som kan vere med på tilskipingar og der einskilde medlemer kan utføre oppdrag lokalt.
- *Kontaktorgan*, der medlemane er bindelekk mellom kyrkjelydane, kyrklelege institusjonar/organisasjonar, brukarar, bispedømet og biskopen.
- *Nettverksorgan*, som skipar til fag- og inspirasjonssamlingar for tilsette og engasjerte på feltet.
- *Saksførebuande organ*, som kan røyse og førebu saker innan feltet sitt for biskop og bispedømeråd.

VISJON OG STRATEGI:

Pilegrimsutvalet i Bjørgvin bispedøme skal støtte opp om og fremje bispedømet sin visjon og strategi for pilegrimsarbeidet, og arbeide for å fremje dei mål og tiltak som er nedfelt i

bispedømet sin års- og strategiplan. Bjørgvin pilegrimsutval er ein fast ressurs for Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd

TILTAKSPLAN:

Bispedømerådet vedtek årleg tiltaksplan og fireårige periodeplanar. Pilegrimsutvalet skal bidra aktivt til å utvikle disse og bidra til å realisere dei mål og tiltak som blir nedfelt der.

OVERORDNA MÅL FOR UTVALET:

- I. Utvalet skal i samarbeid med rådgjevar for kultur vere ein ressurs og bidra aktivt til å realisere bispedømet sine planar for pilegrimsarbeidet.
- II. Pilegrimsutvalet vil:
 - ivareta og vidareutvikle dei kristne pilegrimstradisjonane i bispedømet og samstundes medverke til ein økumenisk pilegrimspraksis
 - arbeide for kvalitet, kontinuitet og heilskap i pilegrimsarbeidet
 - vere fagleg rådgjevar på pilegrimsfeltet for biskop og bispedømeråd
 - vere ein inspirator og pådrivar for pilegrimsarbeid i sokna
 - samordne arbeidet mellom regionale grupper som arbeider med pilegrimsarbeid
 - vere ein aktiv samarbeidspart med pilegrimssentra i Selje, Bergen og Røldal
 - administrere ein ressursbank for innsamla pilegrimsliturgiar
 - stimulere til opne kyrkjer og kapell langs veg og lei

Kyrjerådet ber om at kvart bispedøme må foreslå to medlemmer til «*Nasjonalt kirkelig pilegrimsutvalg*». Medlemmane vert oppnemnt av Bjørgvin bispedømeråd for kvar ny bispedømerådsperiode.

SAMANSETJING:

Utvalet skal normalt ha 4 - 8 medlemmer oppnemnde av bispedømerådet. Periode for oppnemning til utvalet følgjer periodane for val til bispedømeråd. Representantar frå ulike delar av bispedømet bør vere representerte i utvalet. Utvalet har ikkje varamedlemer og konstituerer seg sjølv. Rådgjevaren på bispedømekontoret er sekretær for utvalet. Utvalet kan i arbeidet med aktuelle saker knytte til seg ressurspersonar og ad-hoc grupper. Ved eventuelle utskiftingar av medlemene i utvalet i perioden, skal nye medlemer nemnast opp av bispedømerådet. Normalt vil det vere om lag 4 møte i året.

ØKONOMI:

Utvalet får tildelt økonomiske rammer innanfor bispedømerådet sitt vedtekne budsjett. Prosjekt som utvalet arbeider med må vere nedfelte i bispedømet sin årlege tiltaksplan. I økonomiske spørsmål er utvalet underordna stiftsdirektøren. Bispedømerådet dekkjer utgifter til reise etter Staten sitt reiseregulativ.

KOMMUNIKASJON:

Eventuelle utspel i media skal skje etter samråd med stiftsdirektøren. Referat frå utvalet sine møte skal fortløpende sendast til bispedømerådet.

Kirkelig kultursenter vest

Mandat for arbeidsgruppen

Arbeidsgruppen består pr. 24.04.2020 av:

Ragna Sofie Grung Moe – Seniorrådgiver kultur, Bispedømmekontoret
Karl Johan Kirkebø – Folkevalgt, Bjørgvin Bispedømmeråd
Marit Jørstad – Daglig leder domkirken menighet
Gunnar Vik – Folkevalgt domkirken menighetsråd
Therese Nesse Mokkelbost – folkevalgt Bergen kirkelige fellesråd
Lars Kristian Stendahl Gjervik – Sjef menighetsavdelingen BKF.

1. Eierskap og forankring.

Arbeidsgruppen oppnevnes av de folkevalgte organene Bergen domkirke menighetsråd, Bergen kirkelige fellesråd og Bjørgvin bispedømmeråd. Det er én folkevalgt, og én ansatt fra hver av de tre organene. Arbeidsgruppen konstituerer seg selv.

Arbeidsgruppens mandat vedtas av de tre folkevalgte organene.

2. Mål.

Arbeidsgruppen bes om å utrede saken om etablering av Kirkelig kultursenter vest, og legge fram sin rapport med anbefalinger senest 1. mai 2021.

Det som skal utredes er: (listen er ikke uttømmende, og vi ber arbeidsgruppen utrede det den mener er nødvendig for saken)

- Er det behov for et Kirkelig kultursenter vest?
 - Herunder; hvordan kan et kirkelig kultursenter styrke kirkens indre liv og kirken som kulturaktør i samfunnet.
- Eierskap. (Hvem skal eie Kirkelig kultursenter vest)
- Selskapsform/ organisasjonsform. (F.eks. stiftelse, as, ideell organisasjon, underavdeling osv.)
- Styringsstruktur.
- Finansiering.
- Mulig profil og innhold.

3. Økonomi

Rådsorganene stiller med nødvendige ressurser etter evne. Arbeidsgruppen kan fritt søke om ekstern finansiering ved behov.

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd vedtek mandat for Kirkelig kultursenter vest slik det ligg føre.

Bjørgvin bispedømeråd vedtek reviderte mandat for sitt diakoniutval, Kyrkjemusikalsk utval og pilegrimsutval.

23/20 Bjørgvin kirkelige fond - Oppnevning av styremedlemmer 2020-2022

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	23/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedømeråd oppnemner Eva Drageset og Jan Ove Fjellveit som styremedlemmer i Bjørgvin Kyrkelege fond

Orienteringssaker

Referatsaker

Tilsettingssaker

24/20 Tilsettjing - Sokneprest i Bergensdalen prosti med Fridalen sokn som tenestested

Handsaminga i møtet er ikke offentleg, Offl. § 25 første ledd

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	24/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedøme tilset etter gjeldande avtalar og regelverk sokneprest, *stillingkode 1555*, i Bergensdalen prosti med Fridalen sokn som tenestested

1. Eli Johanne Rønneklev
2. Martin Aalen Hunsager
3. Jørgen Skogestad Kleiven

25/20 Tilsetting av sokneprest i Bergen domprosti med Olsvik sokn som tenestested

Handsaminga i møtet er ikke offentleg, Offl. § 25 første ledd

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	25/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedøme tilset etter gjeldande avtalar og regelverk sokneprest, *stillingkode 1555*, i Bergen domprosti med Olsvik sokn som tenestested

1. Martin Aalen Hunsager
2. Søkjar, ikke offentleg

26/20 Tilsetjing - Sentrumsprest i Bergen domprosti med Bergen domkirke menighet som tenestested

Handsaminga i møtet er ikke offentleg, Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	26/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedøme tilset etter gjeldande avtalar og regelverk spesialprest *stillingskode 1465*, i Bergen domprosti med Bergen domkirke menighet som tenestested

1. Eli-Johanne Rønneklev
2. Beate Iren Lerdahl

27/20 Tilsetting av sokneprest i Fana prosti med Os sokn som tenestested

Handsaminga i møtet er ikke offentleg, Offl. § 25 første ledd

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023	13.05.2020	27/20

Bjørgvin bispedømeråd 2020-2023s vedtak

Bjørgvin bispedøme tilset etter gjeldande avtalar og regelverk sokneprest, *stillingskode 1555*, i Fana prosti med Os sokn som tenestested

1. Roar Hallesby Evjedal